

# Pirion fyller 15 år – satsar ekstra på nett

Dette blir førebels den siste utgåva på papir. No utvidar Pirion tilbudet på Pirion.no.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER, REDAKTØR FOR PIRION

Denne våren er det 15 år sidan Pirion blei stifta. Kulturavisa blei starta etter initiativ frå Ingeborg Mjør. Ho blei den første redaktøren og har inspirert mange barn og vaksne med sitt brennande engasjement for språk og barnelitteratur, og formidling av denne. Ho har òg vore til stor inspirasjon til oss som har følgt etter henne i redaktørstolen. Det er jamvel slått fast i statuttane våre at me skal stimulera og inspirera kulturarbeidet i barnehagane. Det skal Pirion halda fram med. Eg håpar at du, kjære lesar, tipsar om gode døme på godt kultur- og språkarbeid i barnehagar og småskule! Og du er hjarteleg velkommen til bursdagsfeiring på barnebokfestivalen Falturiltu i november!

## Lastar ned språket frå kulturen

Denne våren kom Stortingsmelding 19 (2015-2016) Tid for lek og læring – Bedre innhold i barnehagen. Der står det mellom anna å lesa: «Språklig stimulerende aktiviteter som rollelek, sang og regler, språklig bevisstgjøring og utforskning av ulike temaer er viktig for barns språkutvik-

ling.» Som Eli Bjørhusdal skreiv så fint her i bladet tidlegare i år: Me er ikkje fødde med eit språk – me må lasta det ned frå kulturen.

Men eg kunne gjerne sett ei endå sterkare vektlegging av det viktige kulturarbeidet i barnehagane i stortingsmeldinga. Til dømes er ikkje



SVEIN OLAV B. LANGÅKER, REDAKTØR FOR PIRION

eventyr, musikk, dialekt og lokalkultur nemnd med eit einaste ord. Det blir skriva mykje om kor viktige barnehagane er for norskopplæringa – men bokmål og nynorsk er heller ikkje nemnd med eitt ord. Kravet til Noregs Mållag om at barna må få møta norsk i barnehagen, må inn i rammeplanen. Det burde

vera sjølvsgagt i ein plan som vektlegg språklæring.

## Nyhendebrev

Mykje har endra seg i medielandskapet dei siste åra – òg for Pirion sin del. Tidlegare kom me ut som eit abonnementsblad. Kutt i statsstøtta gjorde at stiftinga vår måtte sjå oss om etter alternative måtar å nå lesarane. Dei siste åra har me hatt ein avtale med Fagforbundet der Pirion har kome som innstikk i Fagbladet til dei 61.000 abonnentane av seksjonen for kultur, kyrkje og oppvekst. Det har gjort Pirion til den nynorske publikasjon med størst opplag. Denne utgåva er den siste med egne seksjonsblad i Fagbladet og førebels siste gong Pirion kjem ut i papir. Men det gode samarbeidet vårt med Fagforbundet held fram.

I framtida vil me satsa ekstra på nettutgåva vår. Me vil no koma med oppdateringar kvar veke på Pirion.no. Me vil òg satsa ekstra på nyhendebrevet vårt framover. På nettsidene våre kan du enkelt melda deg på nyhendebrevet og få oppdateringar rett i innboksen din.



www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

# Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

@avisapirion

**PiRion**

Tips oss på [pirion@pirion.no](mailto:pirion@pirion.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)

## Spennande språkløyper

I Salamonskogen barnehage i Bømlo jobbar dei systematisk med lesing. Det har gjeve dei tilsette nokre aha-opplevingar.



Jannicke Mæland les for borna.

# – Språkløyper er eit kjempebra verktøy å bruka i barnehagen

**Salamonskogen barnehage er ein av pilotbarnehagane i Språkløyper. Dei kan fortelja om fleire aha-opplevingar.**

AV SVEIN OLAV B. LANGÅKER

Dei tilsette i Espira Salamonskogen barnehage i Bømlo kommune er i fyr og flamme over å vera med i det nye, nasjonale lese- og skriveutviklingsprosjektet Språkløyper.

Det unike med denne strategien er at det for første gong blir satsa systematisk både på barnehage og alle trinn i grunnskole og vidaregåande skule i same strategi. Han er laga slik at styrarar og leiarar kan ta innhaldet i bruk i

barnehagar og skular straks, og heile organisasjonen skal arbeida saman.

– Dei har veldig bra nettsider. Språkløyper har gjort at me jobbar meir systematisk, fortel styrarassistent Johanne Geitung Håvik.

## Alle tilsette med

Arbeidet med Språkløyper byrja med ein planleggingsdag for alle tilsette i barnehagen.

Då hadde pedagogane førebudd seg godt på korleis dagen skulle vera. Alle tilsette fekk kvar sin perm og bøker til å notera i.

– Det er viktig å involvera alle tilsette, seier styrar Jo Kjetil Habbestad.

– Når me har eit så godt verktøy er det òg viktig å ta seg god tid, seier Johanne Geitung Håvik.

Dei ser allereie progresjon i arbeidet med

språk i barnehagen. No har dei møte med alle tilsette kvar månad. Kvart møte startar med ei teoriøkt, og så snakkar dei gjennom forskjellige tema, ser små filmar og gjer quizar og andre oppgåver.

Prosjektet i barnehagen varer i fire år.

## Aha-opplevingar

Assisterande styrar Johanne Geitung Håvik fortel at dei gjer evalueringar av arbeidet undervegs. Det har gjeve dei nokre aha-opplevingar.

– Me fann til dømes ut at eit fleirspråkleg born ikkje skjente det me las for ho i lesestunda. Men då me las og snakka om boka på førehand, så såg me at det gjekk mykje betre og at jenta hadde det mykje betre i samlinga og kunne svara på spørsmål, fortel spesialpedagog Jannicke Mæland.

Noko anna dei har blitt medvitne på er plasseringa til den vaksne og ungane når dei les.

– Viss den vaksne sit på golvet og ungane på kvar sin tilviste plass, så går det mykje betre, påpeikar Mæland. Ungane kan sitja på kvart sitt sitjeunderlag eller kvar sin stol. Berre dei har ein fast plass, så blir det mindre uro.

Dei vaksne har òg blitt flinkare til å få med dei stille borna i samtalen om bøkene.

## Investerte i barnebøker

Då dei byrja prosjektet no i januar investerte barnehagen i nær 100 bøker. Mange av dei nynorske bøker. Jakob og Neikob

av Kari Stai er ein favoritt på mange av avdelingane.

Av bokmålsbøker er Lillesøster-bøkene til Kari Grossmann ein slager.

– Me prøver å simultanomsetta så godt me kan, seier Johanne Geitung Håvik.

Barnehagen har i tillegg eit tett samarbeid med biblioteket. Annankvar onsdag er dei på biblio-

teket der det er høgtlesing og ungane får låna med seg bøker.

## Høgtlesing for alle

Språkløyper har gitt barnehagen eit system for å følgja med på lesinga til alle dei 137 borna i barnehagen. Alle fører leselogg over lesinga; kva tid ein las, for kor mange og korleis ein la opp lesinga.

– Rammeplanen for barnehagane er klar på at alle born skal bli lese for. No har me blitt mykje meir medvitne på kven som blir lese for, slik at me kan leggja til rette for at alle blir lese for. For dei fleirspråklege borna fungerer det ofte best å snakka om bøkene, fortel Johanne Geitung Håvik.

Dei varierer mellom å:

- Fortelja frå bøkene
- Snakka om bøkene
- Dialogisk lesing
- La ungane bla i og lesa sjølv
- Les høgt frå

## Dei som ikkje likar å lesa

– Men kva med dei som ikkje likar så godt å lesa?

– Det handlar om å byggja opp ei forventning. Vis engasjement, ja, vis med heile deg at du vil lesa, seier Jannicke Mæland.

Det er òg viktig å ta innspel frå borna på alvor. Og når ungane kjenner boka frå før, så er det viktig med lesestopp:

«Kva er det som skjer her?» eller «Oi, korleis skal dette gå, då?» kan ein spørja. Då kan borna vera med på å fortelja historia.



Njord Svendsen og Akin Düzakin (ill.)  
Samlaget, 2016  
32 sider

## Bomulv – om uventa vennskap og om det å vera modig

*Bomulv* er ei biletbok som skildrar eksistensielle spørsmål. Kor høyrer eg til? Kven kan vera venen min?

«Du er ikkje ekte, du er ikkje som oss, ropte Storekjeften etter han»

*Bomulv* er ein ulv som ikkje kan ule og han har ein annan farge enn dei andre i flokken. Erta blir han av dei andre ulvane.

«Kvar gong dei lo, kjente *Bomulv* seg meir einsam. Som om det var natt i hjartet»

Men det er han som torer å oppdage andre sida av skogen. Han dreg ut på ei reise for å finne ulv som er lik han. Men det er sauen Stig som først dukkar opp med sauestiren sin.

*Bomulv* blir med eitt særsvolten på dei kjøtfulle sauelåra. Da kjem sauen med tilbod om bli vener. Da bestevennene blir sett på ei prøve står dei fjellstøtt skulder ved skulder: «Han kika bort på Stig som no stod der med den hardaste sauestiren aust for Sauda». Det er både eit mørke, men også humor og varme i boka, som er skriva av debutanten Njord Svendsen, tidlegare journalist i Bergens Tidende, no kommunikasjonsrådgivar.

Biletbokkunstnaren Akin Düzakin har illustrert boka. Det er nydelege, mørkeduse fargar mot grøne kontrastar. Det er akkurat passe skummelt.

*Bomulv* er ei biletbok som kan lesast på fleire plan, og er særst så aktuell for barn som har vore på flukt og andre som flyttar og kjem til nye stader. *Bomulv* skaffar seg også ny kunnskap som han tar med heim og reddar flokken frå å gå til grunne. Boka seier noko om at det å bli akseptert for den ein er er viktig for alle.

Meldt av: Camilla Ruhs

